



Hillesvåg Ullvarefabrikk AS
Hillesvåg
5915 Hjelmås

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2007/1372 - 11504/2007	Frode Moum -	196/2	15.06.2007

Delegert sak

Svar på melding om tiltak –Gbnr 196/2

Vi viser til Dykkar melding om tiltak etter Pbl § 85 *Midlertidige eller transportable bygninger, konstruksjoner eller anlegg*, motteken den 04.06.07. Meldinga omfattar oppføring av midlertidig lagerhall, med BRA på 315 m².

Til meldinga er vedlagt:

- Dokumentasjon for varsling av naboar i samsvar med Pbl § 94.3.
- Situasjonsplan og teikningar.
- Skriftleg utgreiing om hallen.
- Fråsegn frå BKK Nett AS

Vurdering:

Det har ikkje komme inn naboprotestar i saka innfor fristen.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. C.3.1. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.1. Meldingspliktige tiltak (Pbl§93)	
Sak som krev oppdatering av off. kart eller register	3.600
SUM	3.600

Konklusjon:

Kommunen har i samsvar med plan- og bygningslova § 85 ingen merknader til meldinga ut over at midlertidig løyve for oppføring av lagerhall vert gjeve for ein periode på inntil to år frå dags dato. Hallen skal vere fjerna seinast 14. juni 2009. Plassen der hallen har vært oppført skal ryddast etter bruk.

Elles vert det opplyst om følgjande:

- Vi vil gjera Dykk merksam på at De som tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. Pbl. § 77.1.
- Som tiltakshavar må De melda frå til kommunen når arbeidet vert starta opp og når det vert avslutta. De kan sende oss ei tilbakemelding pr brev eller e-post til postmottak@lindas.kommune.no

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.
Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er
postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I
klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer.
Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Tor Hegle
fagleiar byggesak

Frode Moun
rådgjevar byggesak

Kopi til:
VVA, teknisk drift, her.